

OSTERØY KOMMUNE

Bygningsrådet

5250 LONEVÅG

Telefon
(05) 392100Bankgiro
3626.07.00043
8465.07.00707Postgiro
5787205
1212539 for skattMargrethe Normann
5248 Haus

Dykkar ref.

Vår ref. , MVE A.B.

Dato 11.11.87.

VEDKOMANDE SØKNAD OM FRÅDELING AV PARSELL AV GNR. BNR.

Viser til søknad av 24.5.87.

Bygningsrådet handsama søknaden på møte den 5.d.m. som sak 231 og fatta samrøystes vedtak slik det går fram av utskrift av møteboka.

Saka er i samsvar med vedtaket oversendt landbruksnemnda/fylkeslandbruksstyret til vidare handsaming.

∕ Vedlagt fylgjer utskrift av møteboka.

Kopi av brevet vert sendt kjøpar.

Underteikna ber om at vedlagde skjema for søknad om utsleppsløyve vert utfylt og returnert hertil omgåande.

Med helsing

Anders Katle
Anders Katle
bygningssjef

Marit Valestrand Edvardsdal
Marit Valestrand Edvardsdal

AK/MS

Kommune	Styre, råd, utval, m.v.	Møtestad	Møte dato
Osterøy	Bygningsråd	Rådhuset	05.11.87

Sak nr

231/87 SØKNAD OM FRÅDELING AV EIN PARSELL AV GNR. 48, BNR. 7,
A.B. PLASSNAMN: ROLLAND
SØKNAD OM DISPENSASJON FRÅ PLANKRAV FOR ENDRING AV
AREALUTNYTTING

Jnr. Heimelshavar: Margrethe Normann, Rolland, 5248 Haus
46/87 Kjøpar: Lars Normann, 5248 Haus
Søknaden dagsett: 24.05.87.

Parsellen som skal delast frå ligg ved Kloppamyri omlag
200 meter frå Rollandsskifte. Arealet er på 1.500 m2 og
skal nyttast til bustadtomt.

Formannskapet har ikkje noko å merka til at det vert gjeve
dispensasjon frå plankravet.

Bygningssjefens innstilling:

Bygningsrådet godkjenner frådelinga på fylgjande vilkår:

1. At fylkeslandbruksstyret kan godkjenna frådelinga.
2. At det vert søkt om utsleppsløyve.

Bygningsrådet gjev dispensasjon frå plankrav for endring
av arealutnytting i medhald til forskrift til Plan- og
bygningsslova § 117.

Samrøystes vedtak:

Innstillinga godkjendt

Sign.



Utskrift send til

Margrethe Normann
Lars Normann
Landbruksnemnda/Fylkeslandbruksstyret.

Utskrift av møteboka



for Osterøy formannskap

I møte den 12. 8. 87

Av 9 medlemmer var 9 til stades (møtende varamenn medrekna).

Sak 231/87 - KOMMUNEPLANSAK - FRÅDELINGSSAK ROLLAND

A.505 Ein viser til vedlegg 189/87.

Formannskapet gjorde samrøystes vedtak i samsvar med rådmannen sitt framlegg.

Vert send utan fylgjeskriv

frå Osterøy formannskap

til *byggrådet* til

*melding og vidare
handtering.*

Formannskapssekretæren
i Osterøy

Jan Larsen, 21.8.87

OSTERØY KOMMUNE
Rådmannen

FØRELEGG TIL FORMANNSKAP/HERADSSTYRE

ARKIV NR 505

DATO 4.8.87

VEDLEGG 189/87

KOMMUNEPLANSAK - FRÅDELINGSSAK ROLLAND

Margrethe Normann, Haus, søker om frådelling av ein bustadtomt på omlag 1500 m² av sin eigedom gnr. 48, bnr. 7 på Rolland. Kjøpar er Lars Normann.

/. Av vedlagde situasjonskart går det fram at omsøkte areal ligg like ved den kommunale vegen, der det frå før er bygt hus. Hannisdalslina vil gå gjennom området her, og bygningsrådet vil nok sjå etter at det ikkje vert nokon kollisjon med denne.

Eg rår formannskapet til å gjera slikt vedtak:


"Under føresetnad av at det ikkje kjem i konflikt med den påtenkte vegen gjennom Hannisdalen til Veseth har formannskapet ingen merknad til søknaden frå Margrethe Normann om frådelling av bustadtomt av sin eigedom gnr. 48, bnr.7 av Rolland, kjøpar Lars Normann."

Eivind Karl Rundhovde

OSTERØY KOMMUNE
TEKNISK ETAT
11. 06 87
BYG. NR. 3

Y- 28 800
X 276 000

310



6709

Sør for 900
Krossen